

Referat LAMU-møte 16. november 2007

Til stede: Alma Culén, Terje Knudsen, Øystein Christiansen, Tor Ivar Johansen, Per Aronsen, Narve Trædal

1. Møtefrekvens LAMU
 - a. LAMU skal ha 4 møter per år. Narve sender ut forslag til møtedatoar i vårsemesteret saman med dette referatet.
2. Generelle trivselsproblem
 - a. Dei to viktigaste er knytta til den spreidde lokaliseringa vår og byggeprosessen
 - i. Den spreidde lokalitets-situasjonen. Fører bl.a. til ein del problem med adgangskort til div. bygningar. Ifiadm må få oversikt og sørge for betre service ang. adgangskort.
 - ii. Følgebelastningar av byggeprosessane
 1. Situasjonen i år er betre enn fjoråret, men særleg studentareala på østsida av 1. etasje er blitt veldig mørke pga bygginga. Det er generelt lite studentar på Ifi. Det kjem delvis av at ein så stor del av undervisninga foregår i PO/VB/NHA, slik at studentane har lite å gjer her i Gaustabekkdalen.
 3. Andre trivselsproblem
 - a. Studentane melder inn at pga reduksjon i terminalvaktbemanningsa, blir det meldt om for mykje prat og surr på Inf-termstua.
 - b. Det blir meldt at ventilasjonsanlegget fungerer dårlig om kvelden og i helgane. Per A. undersøkjer kva som er realiteten.
 - c. Drifts-seksjonen sit tett, og har for dårlig lagerplass. Det fører til opphoping av smårekvisita rundt om på kontora. Dette er utriveleg og støv-samlande. Vanskeleg å gjere noko med dette før Ifi II er oppe og går.
 4. Verneombudsfunksjonen.
 - a. Mest forebyggande arbeid.
 - b. For lite kjent at drift har enkle tekniske ting som kan forbygge, for eksempel armplager.
 - c. Per informerte om at Arbeids- og helseetaten i Oslo kommune har midlar der vi kan få dekka utgifter til hevebord.
 5. Ergoterapi
 - a. Vi bør markedsføre den kompetansen som finst på HMS-avdelinga, for eksempel få dei til å demonstrere kva ei kan bidra med i ei fellessamling.
 6. Brannsikring

- a. Vi har generelt god kontroll med oppslag/rømningsvegar. Det som manglar er den enkelte si bevisstheit om kva for *kjelder* til brann som finst inne på kontora i form av div. elektriske apparat og lignende. Det bør setjast opp ei punktliste for korleis eit forsvarleg kontor skal vere, herunder kva som er lov og ikkje lov å ha på eit kontor. Advarsel mot overdriven bruk av skøyteledningar. *Alle kaffitraktarer skal ha tidsbrytar.*
 - b. Per bør ta initiativ til ein runde rundt på hustet med NR, USIT og Ifi (kontorsjefnivået) og skolere dei.
 - c. Det er etasjeansvarleg si plikt å halde rømningsvegane ryddige.
7. Psykososialt arbeidsmiljø
- a. Det blir ikkje gjennomført noko undersøking i år. Bør stå på planen (og gjennomførast) til neste år. Stipendiatar særleg viktig gruppe.
8. Beredskap.
- a. Beredskapsplanen bør gjelde heile huset. Vi har meir felles interesser med NR/USIT enn med rest-MN.
9. Forslag til møtedatoar i vårsemesteret: Fredag 25. januar og fredag 9. mai. Begge dagar kl 1000.

281107

Narve